



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Telefonmøte Ulvik
Dato: 12.05.20
Klokkeslett: 18.00 – 19.00

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit
Stig Yngve Røkenes
Atle Ulgenes
Kåre Olai Solheim
Johannes Sponheim

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Sak 13/20: Meldingar
Sak 14/20: Hytteutleige 2020
Sak 15/20: Villreinjakt på Osafjellet 2020
Sak 16/20: Fullmaktsoversikt for sekretær

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Kåre Olai Solheim

Johannes Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 13/20 Meldingar

Saksdokument:

2020.01.27-642.2.Omsetjing fellesfiskekortet 2019
2020.02.04-012.2.Møtebok Rauland fjellstyre
2020.02.15-43. Høringsnotat om forslag til endringer i motorferdselloven- Miljødirektoratet (L)(749629)
2020.02.17-612.0.Høyring frå NFS - kvalitetsnorm villrein
2020.02.20-43. .Fjellstyra på Hardangervidda - Løyve til transport med snøscooter til fjellstyrehyttene
2020.02.26-612.1.Høyring villreinkvote Hardangervidda hausten 2020
2020.02.26-612.1.Invitasjon vårmøte Hardangervidda 2020
2020.02.27-012.2.Møtebok ØN fjellstyre
2020.03.04-36 .Nabovarsling - nybygg rehabilitering Finsehytta på Finse
2020.03.11-612.1.Minimumsteljing Nordfjella 07.03.20
2020.04.27-612.1.Melding om vedtak Nordfjella, kvote 2020
2020.04.27-414.4.Dispensasjon til å bruke snøscooter knyttet opp til vitenskapelige undersøkelser ved Sandalsnuten
2020.04.27-124 .Fullmaktsoversikt for sekretær
2020.04.28-612.1.Protokoll frå VN på Hardangervidda, kvotevedtak 2020

Styret tok meldingene til orientering

Sak 14/20 Hytteutleige 2020

Saksdokument:

Korona og utleige av fjellstyrehytter

Saksutgreiing:

Norges Fjellstyresamband var tidleg på banen med ei anbefaling til fjellstyra om at fjellstyrehytter burde vere stengt ut april. NFS har vore i kontakt med Statskog og DNT. Statskog har beslutta å halde alle utleiehytter stengt ut mai. DNT planlegg at hyttene utan betjening vert opna litt etter litt frå og med den fyrste uka i mai men berre for mindre grupper og berre med booking.

Dei fleste fjellstyra har i hovudsak 2 typar hytte, opne hytter/buer og utleiehytter med booking. NFS tilrår fjellstyra no å opne for booking av utleiehytter framover, samt la opne hytter vere tilgjengeleg for overnatting. Dette kan gjerast med nokre tilpassingar og vurderingar. Det er opp til det enkelte fjellstyre å vurdere kva for tiltak ein bør gjennomføre på dei ulike hyttene. Det alle viktigaste er god informasjon ut til alle kundane om kva for tilpassingar som vert gjort.

NFS sine råd for utleige av fjellstyrehytter ligg i saksdokumentet.

Sakshandsamar ynskjer at fjellstyre tek stilling til om hyttene som ligg på Inatur skal aktiverast at for sal, og kva for restriksjon som bør vere for dei enkelte utleigeobjekta (karantenetid, reinhald m.m.).

Framlegg til vedtak:

Fjellstyre opnar Finsebu, Søre Grøndal og Dyrahola for utleige f.o.m. torsdag 21.05.20 t.o.m. søndag fram til 07.06.20. Det vert karantenetid på hyttene f.o.m. måndag t.o.m torsdag. Etter 07.06.20 vert det utleige som tidlegare, utan karantenetid. Fjellstyre kjøpar inn klorin, klorinspray, eingongsklutar, handsåpe, eingongshanskar og ekstra tørkepapir til desse hyttene. Det vert og sett opp oppslag på koronatiltak – Rutinar for reinhald av hytta. Det må informerast godt på salsidene til Inatur om tiltak som leigar må fylje. Handdukar, oppvaskklutar, sengekle og antibac må leigetakar ta med sjølv.

Vedtak:

Fjellstyre opnar Finsebu, Søre Grøndal og Dyrahola for utleige f.o.m. torsdag 21.05.20 t.o.m. søndag fram til 07.06.20. Det vert karantenetid på hyttene f.o.m. måndag t.o.m torsdag. Etter 07.06.20 vert det utleige heile veka, utan karantenetid. Fjellstyre kjøpar inn klorin, klorinspray, eingongsklutar, handsåpe, eingongshanskar og ekstra tørkepapir til desse hyttene. Det vert og sett opp oppslag på koronatiltak – Rutinar for reinhald av hytta. Det må informerast godt på salsidene til Inatur om tiltak som leigar må fylje. Handdukar, oppvaskklutar, sengekle og antibac må leigetakar ta med sjølv. Samrøystes.

Vedtak:**Sak 15/20 Villreinjakt på Osafjellet 2020****Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Søknadsfristen for å søkje villreinløyve på Ulvik Statsallmenning gjekk ut 2. mai. Totalt kom det inn 428 søknader. Av desse var 27 innanbygds og 401 utanbygds.

Prioriteringsliste for innanbygdsjegerane er:

- 1. pri. Øvre Numedal :10 stk.
- 1. pri. Nordfjella fritt løyve :13 stk.
- 1. pri. Nordfjella s/u + kalv : 4 stk.
- 1. pri. Osafjellet : 0 stk.

Alle innanbygdsjegerar som økte innan fristen har fått innfridd sitt fyrsteyskje. Etter tildeling er det att 6 stk. s/u + kalv pakker til trekking for utanbygds.

Utanbygdssøkjarar fordelt på område og dyrekategori:

- Osafjellet, 1 bukk + 1 fritt : 280 stk.
- Nordfjella, fritt løyve : 328 stk.
- Nordfjella, s/u + kalv : 287 stk.
- Rauland, 1 bukk + 1 fritt : 1 stk.

I fjor vart det trekt ut løyve til 39 jegerar på Osafjellet

Det vart på førre møte gjort vedtak om at fjellstyre legg ut 15 pakker på Osafjellet for utanbygdsjegerar. Pakkene består av 1 fritt løyve og 1 bukkeløyve. Bakgrunn for dette talet var

om det kom inn mange søknader frå innanbygdsjegerar. På bakgrunn av innkomne søknader frå innanbygds (0 søkjarar) tykkjer eg at det er rom for å auke tal utanbygdsjegerar som kan jakte på Osafjellet. Ut frå tal jegerar i fjor bør det vere rom for å auke frå 15 til 30 stk.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre opnar for å auke tal utanbygdsjegerar på Osafjellet frå 15 stk til 30 stk under reinsjakta 2020. Det vert gjort ny vurdering før jakta 2021 om kor mange utanbygdsjegerar som skal få villreinløyve på Osafjellet hausten 2021.

Vedtak:

Ulvik fjellstyre opnar for å auke tal utanbygdsjegerar på Osafjellet frå 15 stk til 30 stk under reinsjakta 2020. Det vert gjort ny vurdering før jakta 2021 om kor mange utanbygdsjegerar som skal få villreinløyve på Osafjellet hausten 2021.

Samrøystes

Sak 16/20 Fullmaktsoversikt for sekretær

Saksdokument:

Fullmaktsoversikt for tilsette i Fjellstyra på Hardangervidda as

Saksutgreiing:

I sak 03/20 (framkjem nedanfor), gjorde Fjellstyra på Hardangervidda as vedtak om å sende vedlagte mal "Fullmaktsoversikt for sekretær" til fjellstyra for endeleg handsaming der.

«I arbeidet som sekretærar for dei ulike fjellstyra, handsamar dei tilsette ulike økonomiske tilhøve i den daglege drifta. Det ligg i liten grad føre skriftelege retningslinjer som syner kva fullmakter sekretæren har.

Det er laga eit framlegg til fullmaktsoversikt som er meint å ta for seg aktuelle typar økonomiske handlingar sekretæren kan utføre.

Dette er meint som ein mal som må endeleg vedtakast i kvart einskild fjellstyre etter val av nye fjellstyre kvart 4 år».

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre vedtar « Fullmaktsoversikt for sekretær « som framlagt.

Vedtak:

Ulvik fjellstyre vedtar « Fullmaktsoversikt for sekretær « som framlagt.

Samrøystes